

Føring for gjennomføring av skuletur på Lye ungdomsskule

«Skolen er gratis

Det er gratis å gå på skole i Norge. Dette gjelder både grunnskolen og vidaregåande skole. Dersom skolen drar på tur, enten det er dagsturar, lengre turar i inn- eller utland, avslutningsturar eller leirskole, skal dette være gratis for elevane.

Det er mange kommunar og skolar som ikkje finn rom for å dra på turar. Enkelte stader har det derfor vakse fram kreative foreldreinitiativ for å sikre at elevane likevel kan dra på tur. Nokre plassar tar foreldra på seg oppgåve med å samle inn pengar til skolen for på den måten å få til skoletur, andre vel å arrangere ein eigen tur som ikkje er skoletur.

*Dersom foreldra samlar inn pengar og skolen arrangerer turen, kan det være ei god løysing. Skolen kjenner elevane, lærerar er med, skolen sin forsikring gjeld, skolen sine reglar gjeld og skolen har ansvaret. **Det er viktig å være klar over at det er frivillig for foreldre å betale inn pengar til slike turar, og dei kan heller ikkje tvingast til å delta på dugnad eller å selje til dømes kakeboksar eller dopapir.**» Statsforvaltaren i Rogaland*

For skuleturar må følgande punkt oppfølgast:

- Turen vert arrangert i skuletida, og det er kontaktlærer og evt. andre tilsette frå skulen med på turen.
- Personalet som skal delta på turen skal utforma ROS (risiko og sårbarheits analysar- død, forsvinning, skade, ulykker, overgrep, vald...) av ulike hendingar som kan inntreffa. Det kjem fram i ROS analysane kven som er ansvarlege for oppfølging dersom det oppstår uhell på turen. Desse skal vera kjent for alle føresette og-dei vaksne som deltek på turen.
- Skulen sitt ordensreglement og forsikringsordningar er gjeldande på turen. Det er utforma sanksjonar for til dømes heimsendingar frå turen.
- Informasjon om turen, føringar og reglar blir sendt ut til alle føresette frå skulen ved ansvarleg lærar/kontaktlærer.
- Det skal ikkje utøvast noko form for krav eller press i ulike kanalar til foreldre/føresette om å bidra til turen ut over matpengar. Foreldre melder seg frivillig til dugnad til reisekomiteen. Foreldre/føresette kan også gje frivillige bidrag til turen.
- Skulen baserer innhaldet på turen til Overordna del- verdjar og prinsipp for grunnopplæringa , samt kompetansemål i til dømes faga Kroppsøving og

Samfunnsfag i læreplanen (LK20). Turen skal planleggast inn på trinnet sitt årshjul, og framkoma av skulen sine planar.

- Den organiserte opplæringa for elevar som ikkje deltek på tur skal ta utgangspunkt i dei same kompetansemåla, verdiane og prinsippa elevane på tur arbeider etter i perioden.
- Skulen ved leiinga opprettar konto som er merka til føremålet. Her skal alle innsamla midlar setjast inn. Denne kontoen skal berre vera tilgjengeleg for administrasjonen. FAU/reisekomiteen vil få fortløpande informasjon om kor mykje som står på denne kontoen.

For at innsamling av pengar til gjennomføring av turen er i tråd med lovkrava gjelder følgjande:

Foreldregruppa er einig om det er ønske om tur. Dei må bli einige om kor turen skal gå til, og på-kva for eit trinn den skal gjennomførast på.

Det er foreldregruppa som er ansvarlege for dugnadar, søknader om tilskot og anna innsamling av midlar.

Skulen tek ansvar for å følgja med på midlane som kjem inn på turkontoen samt å betala fakturaer som kjem inn i samband med turen. Skulen er og ansvarleg for å signera kontraktar og avtalar med reisearrangør.

Reisekomiteen utarbeider i samarbeid med rektor budsjett for kostnadane for turen. Føresette hentar inn prisalternativ frå turarrangør, til dømes Kvite Bussar. I budsjettet skal det framkoma følgjande som midla skal dekkja:

- Tur arrangøren – inkludert overnatting, utflukter ++
- Transport til turen (tur-retur Lye u - reisemål)
- Midlar til å dekke ekstra lønn for tilsette som er med på turen, samt andre vaksne enn kontaktlærer dersom det er ytterlegare behov for dette i elevgruppa (Lønn ekstra bemanning utifrå behov + ekstra lønn for alle + reise og opphald utover vaksne som er dekkja av reisearrangøren).
- Midlar til å dekkja lønnskostnadar ved behov for ekstra bemanning ut over ordinær drift på skulen dersom det er elevar som ikkje skal delta på turen.
- Utgifter knytt til eventuell heimsending av elevar saman med ein av dei vaksne.

Andre forhold som må vera på plass:

Før det vert bestilt tur må det gjerast opp status på innsamla midlar slik at ein har garanti for at det er nok midlar til å betale for turen. Er det ikkje nok midlar må turen tilpassast nivået ein har til rådighet.

Bemanning frå skulen si side vil vanlegvis innebera at kontaktlærer(ar) er med på turen, og eventuelt ekstra tilsette gjort ut frå skulen si vurdering av behov. Behov kan omhandla forhold i elevgruppa, eller for å sikra at ein har med nok tilsette slik at ein tek i vare dei tilsette sine rettar etter lov og avtaleverk jf. Arbeidsmiljøloven §10-4 og SGS 1010.

Det er ønskeleg at alle føresette som er med på turen signerer teieplikt.

Turen vert gjennomført i løpet av dei vanlege skuledagane/vekedagane opp til 5 dagar.

Reisekomiteen må invitera med kontaktlærarane og eventuelt rektor på møter som omhandlar tema som skulen har ansvar for. Skulen sine representantar treng ikkje delta på møter som omhandlar dugnadar/innsamling av midlar.

Det skal ikkje nyttast rusmidlar av føresette i nærleiken av elevgruppa.